



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Høyring av forslag om vern av Svarthammaren naturreservat i Sunndal



Som ein del av arbeidet med å ta vare på naturmangfaldet i Møre og Romsdal sender vi ut framlegg til frivillig skogvern av Svarthammaren i Sunndal kommune. Du er velkommen til å sende innspel i høringa innan 15. september 2026. Verneframlegget er gjort i dialog med grunneigarane og ALLSKOG SA. Føremålet med dette brevet er å informere om prosessen etter naturmangfaldlova, og for å innleie til medverknad og innspel frå aktuelle partar.

Innhald

Innhald	3
Bakgrunn	4
Tilbodet	4
Heimelsgrunnlag	4
Verneverdiar	5
Vernet vil dekke manglar i skogvernet	8
Vurdering av vern i forhold til tømmertilgang	8
Plan- og ingrepsstatus	8
Saksbehandling	9
Oppstart	9
Merknadar	9
Endringar i verneforslaget etter oppstart	10
Forvaltingsstyresmakt	10
Vidare framdrift	10

Bakgrunn

Gjennom behandlinga av stortingsmeldinga Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald (Meld. St. 14 (2015-2016)) vedtok Stortinget ei opptrapping av skogvernet i Noreg til 10 % av skogarealet. Det er eit nasjonalt miljømål at «*et representativt utval av naturtypene i skog blir verna for kommande generasjonar*». I stortingsmeldinga er skogvern framheva som eit viktig tiltak med stor positiv effekt på trua artar i skog. Gjennom ordninga frivillig skogvern skal skog bli verna på offentleg eigd grunn og ved frivillig vern av privateigd skog. Vernet inneber at skogeigarane tilbyr staten vern av eigen skog og får erstatta tapt næringsinntekt.

Tilbodet

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal fekk tilbod om frivillig skogvern på gnr/bnr 83/1 i Sunndal kommune den 13. mars 2024. Området føreslått vern omfattar eit areal på om lag 400 dekar, der 232 er produktiv skog.

Det naturfaglege grunnlaget for eit vern er dokumentert ved registreringar av naturverdiane gjennom kartleggingar ved DN- handbok 13 i 2002, samt NiN-kartlagt i 2024.

Allskog og skogsakkyndig frå staten takserer tilbodsområdet, og det blir forhandla fram ein erstatningsavtale med grunneigaren. Området vil ikkje bli tilrådd verna før avtalen om erstatning er signert. Allskog har på vegne av grunneigaren akseptert at planprosessen vert sett i gang.

Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekomstar skjer i medhald av lov 16. juni 2009 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova) jf. §§ 33 – 51. I naturmangfaldlova er det gitt heimel for oppretting av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat, som er det strengaste vernet etter naturmangfaldlova, jf. § 37, vil bli bruka for denne verneplanen for skog på privat grunn.

Vedtak om oppretting av naturreservat vert gjort av Kongen i statsråd etter § 37 i naturmangfaldlova, som lyder slik:

«Som naturreservat kan vernes områder som:

- a) inneholder truet, sjelden eller sårbar natur*
- b) representerer en bestemt type natur,*
- c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,*
- d) utgjør en spesiell geologisk forekomst eller*
- e) har særskilt naturvitenskapelig verdi*

Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenoppettingstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.

I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.

Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenoppettingstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for bevaring av det biologiske mangfold, skal det samtidig med vernevedtaket legges fram et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan

omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk kompensasjon til private som bidrar til områdets skjøtsel.”

Naturreservata skal bidra til bevaringsmåla i naturmangfoldloven § 33, mellom anna bokstavane a (variasjonsbreidda av naturtypar og landskap), b (artar og genetisk mangfald), c (trua natur og økologiske funksjonsområde for prioriterte artar).

Verneområda skal bidra til å oppfylle fleire nasjonale mål som:

- Eit representativt utval av norsk natur skal bevarast for kommande generasjonar.
- Økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtenester.
- Ingen trua artar og naturtyper skal utryddast, og utviklinga til truga og nær truga artar og naturtyper skal betrast.

Oppretting av verneområda bidreg til å nå internasjonale mål og forpliktingar, m.a. nedfelte i konvensjonen for biologisk mangfald artikkel 8 om eit samanhengande verneområdenettverk, jf. òg naturmangfoldloven § 33 bokstav g.


Ved å verne desse naturområda mot ulike typar inngrep, gir verneområda også eit positivt bidrag til det nasjonale og internasjonale målet om å stanse tapet av naturmangfald, jf. naturmangfoldloven § 33 bokstav a, b og c.

Områda vil bidra til å oppfylle det nasjonale målet vedtatt av Stortinget om 10 % vern av skog.

Verneverdiar


Området ligg i ei bratt aust- til nordaust-vendt fjordli dominert av lauvskog. Ein del av skogen ligg i et kambrosilurbelte ifølge geologisk kart og nesten heile området ligg på eit kalkinnhald nivå 3 med berggrunn av glimmerskifer med granatglimmerskifer, kvartsitt og linser av amfibolitt. Vegetasjonssona er sørboreal, boreonemoral og nemoral sone med svakt oseanisk seksjon.

Dei første kartleggingane av naturverdiane blei gjort med metodikken i DN-handbok 13 i 2002 kategorisert som gammal, boreal lauvskog med verdi A (svært viktig) på grunn av de uvanlege store mengdene med morkne ospelæger, samt fleire funn av raudlista lav, mosar og sopp, til dels i gode bestandar. Dette er eit av de biologisk sett mest verdifulle ospeholta som er kjent frå fjordstrøk i fylket.



Figur 1. Raud line viser avgrensing av føreslått verneområde. Grøn skravur er lokaliteten kartlagt gjennom DN-handbok 13, ID BN00020415.

Lokaliteten kartlagt i 2002 skildrar ein frodig lauvskog med gråor-almeskog og lågurtskog i nedre delar, samt høgstaudeskog i øvre del. Bjørk er vanlegaste treslag, men det er også en god del osp og hassel, noko furu, selje, alm og rogn. Godt jordsmonn og ganske varmt klima gjer rikeleg av edellauvskogsartar som myske, lundrapp, springfrø, gullstjerne og lerkespore. I tillegg veks det mange typiske høgstaudeartar, som storklokke, stornesle, skogsvinerot, skogstjerneblom, firblad, tyrihjel, turt, trollurt, kranskonvall, skogsalat, vårkål, strutseving og trollbær. Av lav er lungenever-samfunnet uvanlege godt utvikla til å være så langt inn i fjorden, med innslag av bl. a. raudlistearten skorpefiltlav (to funn - på osp og alm) og buktporelav, samt meir vanlege artar som sølvnever, kystnever, vanlig blåfiltlav, kystfiltlav, skrubbenever og puteglye. Den suboseaniske skjerfmoose vart også funnet. På dei grove almetrea ble det funnet kravfulle skorpelav som almelav, kvithodenål og bleikdoggnål. Artane veks særleg på gamle lauvtrær, men også på bergveggar. AV sopp er det registrert narrepiggsopp funnet på ei gammal alm. På dei mange morkne ospelægra veks ei rekke kravfulle sopp og mosar, t.d. raudlisteartane ospekjuke vedalgekølle, råteflak, råteflik og grønnsko. Signalarten pusledraugmose blei funnet på morkne læger og skarlagan vårbeger i fuktig skog. I den gamle lauvskogen ble det funnet gammelgranlav på basis av bjørk, og dessutan signalartene stor ospeeldkjuke, svart vednavlesopp og fingersaftmose.




Figur 2. Kartutsnitt frå skoganalyse som viser kartleggingsresultat skildra i tekst under.

Miljøfaglig Utredning kartla området etter NiN-metodikken i 2024 og har følgende totalvurdering: «Prosjektområdet omfatter ei ganske regelmessig formet fjordli, men inneholder noe variasjon i rikhet og det er innslag av berghamre som øker variasjonen. Det er noe rik vegetasjon, men da lauvdominert. Generelt virker det ikke å være særlige kvaliteter knyttet til furu innenfor området, men det ble gjort enkeltfunn av furustokkjuke (NT). Derimot er det litt innslag av alm og gammel almeskog, med flere tilhørende rødlistearter, inkludert safransnyltepute (EN) og smalhodenål (VU). Almetrærne var til dels grove og det var innslag av læger, men likevel lite typiske lavarter for gammel alm og lite spor av styving på trærne. Også på gammel bjørk ble det funnet et par typiske rødlistearter for gammel bjørkeskog, og tidligere er det påvist rødlistearter på gammel og/eller død osp. Artsmangfoldet knyttet til hassel virker mindre interessant, selv om det finnes en del av treslaget. Grovt sett vurderes 40-50 dekar å tilhøre den nær truede naturtypen frisk rik edellauvskog, samt den sårbare naturtypen lågurtedellauvskog, kanskje mest av sistnevnte. I forhold til mangelanalysen (Framstad et. al. 2017) for skogvern fyller sørlige og nedre del av området i første rekke opp mangler knyttet til vern av gammel almeskog, samt mer generelt gammel lauvblandingsskog og skog på høy bonitet i lavlandet. Området er lite påvirket av inngrep i nyere tid, men det går en kraftlinjetrasé rett i nedkant. I tillegg er platanlønn under ganske sterk spredning i nedre deler (sørøst). Det er også så vidt innslag av frøspredt gran i området, men bare et par unge trær ble sett. Det forekommer litt dødt trevirke av ulike treslag, men ingen større konsentrasjoner, og det meste er ferskt til moderat nedbrutt. Det er litt hjorteskader på alm, og foryngelse virker fraværende. Prøvebor på ei furu i midtre deler viste alder på vel 150 år, noe som anses representativt for herskende generasjon for furu (selv om enkelte eldre trær forekommer). Keloelementer virker fraværende. Usikkerheten i vurderingene anses å være ganske begrenset. Området er ganske oversiktlig. Samtidig har det også vært så vidt undersøkelser her tidligere. Det kan nok være enkelte krevende og rødlistede arter som er oversett, knyttet til gamle lauvtrær og kanskje også markboende sopp, men neppe mange.»

Vernet vil dekke manglar i skogvernet

Vern av området vil bidra til å dekke manglar i skogvernet innan frisk rik edellauvskog, samt den sårbare naturtypen lågurtedellauvskog. Verneframlegget er innafor sørboreal - nemoral vegetasjonssone i svak oseanisk seksjon, høgproduktiv skog i låglandet (100 – 650 m.o.h.)

Safransnyltepute (*Chlorostroma vestlandicum*) er ein sterkt trua (EN) sopp og ein av 23 arter prioritert for spesiell innsats gjennom Miljødirektoratets oppfølgingsplan for trua natur.



Figur 3. Safransnyltepute fra området føreslått verna i Sunndal kommune. Foto: Geir Gaarder.


Vurdering av vern i forhold til tømmer tilgang

Fylkesskogmeister vurderer skogen følgande (sjå eget vedlegg for full analyse);
«Meget bratt li med teknisk svært krevende driftsteknisk terreng. Ingen driftstekniske tiltak/veier synlige i lia. Lia består av lauv med bare enkelte spredte furuer, i tillegg til dobbelt linjespenn nederst i lia sammen med fylkesveg gjør dette området uinteressant for det moderne skogbruket.»

Plan- og ingrepsstatus

I gjeldande kommuneplan (06.02.2019) har området føremålet landbruk, natur- og friluftsføremål (LNF). Nær heile området er faresone - ras- og skredfare. Den nedre delen av området mot fjorden er omsynssone knytt til «bevaring av naturmiljø»

Det er ingen kraftlinjemaster eller andre større tekniske inngrep innafor verneframlegget.



Figur 4: : Utsnitt frå kommuneplan i Sunndal. Blått felt markerer verneområdet. Grøn bakgrunn viser at arealføremål er LNF. Raud skravur viser faresone 310 - ras- og skredfare. Stipla grense i nedre del (mot aust) viser omsynssone 560 - bevaring naturmiljø

Området er uvanleg lite påverka av skogsdrift. Det er mye daudt trevirke, m.a. ein god del morkne, gamle ospelæger, som er sjeldsynt på Vestlandet. Fråvær av morkne furulæger og lite gamle furutrær viser likevel at det har vært noko skogsdrift her for lenge sidan. Det finnes enkelte læger også av alm. Et par av almetrea var ganske gamle og grove med litt grov bark, og har truleg vært styva tidlegare.

Saksbehandling

Oppstart

Statsforvaltaren meldte oppstart av verneplanprosessen for Baklia-Almhølu naturreservat i ei felles lokal og sentral oppstartsmelding den 12.05.2025. Frist for gje tilbakemelding på oppstarten var sett til 20.03.2025. Vi fekk fire merknader til oppstarten.

Merknadar

Norges vassdrag- og energidirektorat (27.02.2025) meldte at verneområdet ligg i nærleiken av ei 132 kV nettlina eig av Statnett SF og ei 22 kV nettlina eig av Netera. . NVE oppmoda Statnett SF og Netera om uttale om behov for motorferdsel eller sikringshogst i det foreslåtte verneområdet. Dei oppmoda nettselskapa om å melde om det er behov for standard reglar for drift, vedlikehald og oppgradering av energi- og kraftanlegg i verneforskrifta.

Språkrådet (07.03.2025) tilrår å la verneområdet få namnet *Svarthammaren naturreservat*. Sentralt stadnamnregister, SSR, er skrivemåten *Svarthammaren* registrert som eineform. Dei to lokale stadnamna som er nemnde i brevet frå statsforvaltaren, er SSR-registrerte med skrivemåtane *Bakklia* og *Almholu* som eineformer.

Statnett (17.03.2025) ber om SOSI-fil for verneområdet slik at det vil være mulig å se nøyaktig avstand til vårt ledningsanlegg.

Møre og Romsdal fylkeskommune (18.03.2025) har ikkje merknader til at verneprosess blir igangsett

Statsforvaltaren sin vurdering av merknadene er at vi tek dei til orientering og har sendt SOSI-filer til Statnett. Vi har også føreslått namneendring i tråd med innspel frå Språkrådet.

Endringar i verneforslaget etter oppstart

Språkrådet si oppmoding om endre namn frå Baklia-Almhølu naturreservat til Svarthammaren naturreservat takast til følge. Dette er avklart med grunneigar at er ok.

Forvaltingsstyresmakt

Ved oppretting av nye naturreservat er det rutine å høyre om kommunane ønskjer lokalt ansvar for forvaltning av naturreservata. Eit slikt ansvar vil i så fall også gjelde alle naturreservat i kommunen. Kravet er at kommunen har tilstrekkelege ressursar og kompetanse til å utføre ei slik oppgåve. Vi ønskjer attendemelding frå Sunndal kommune om dette i høyringa.

Vidare framdrift

Det er ønskeleg med innspel på verneforslaget slik at prosessen og tema kan verta så opplyst som mogleg. Etter at innspel på denne høyringa føreligg, vil vi vurdere innspela og ta endeleg stilling i vår tilråding av vern til Miljødirektoratet.

Meir informasjon om naturkvalitetane, kartavgrensing og bilete frå områda finn du på nettstaden vår [Statsforvaltaren i Møre og Romsdal](#) under sida «Høyringar».

Du kan også sende innspel med brev til Statsforvaltaren ved seksjon for naturforvaltning, Julsundvegen 9, Postboks 2520, 6404 Molde, eller per e-post til sfmrpost@statsforvalteren.no.

Frist for å kome med innspel er 15. september 2026.

I adresselista har vi forsøkt å få med alle dei aktuelle høyringspartane vi veit om. Dersom de finn feil eller veit om fleire partar som de meiner burde ha fått brevet ber vi om tilbakemelding om dette.

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL

Postboks 2025, 6404 Molde | sfmrpost@statsforvalteren.no | www.statsforvalteren.no/mr

